

Årsmelding for Ulvik Sokneråd 2023



Rekneskap for Ulvik Sokneråd ligg no føre. Den viser eit rekneskapsmessig **meirforbruk** på **80.667,-**.

1. Samansetjinga og verksemda til rådet

<u>Soknerådet 2019-2023</u>		<u>Soknerådet 2023-2027</u>
Leiar	Knut Nes	Unni Solem
Nestleiar	Venke Langballe	Finn Johan Gjerde
Andre medlemer:	Jon Olav Heggseth	Guri Kristina Bata Bjørnstad
	Stein Arnold Hevrøy	Astrid Jordal Børsheim
	Astrid Jordal Børsheim	Kjersti Bergo
	Kjersti Bergo	Liv Marie Osa
Geistleg representant:	Bengt Staffan Arvidsson/ Anne Marthe Ulvik	Anne Marthe Ulvik
Ulvik herad sin repr.	Jens Olav Holven	Jorgeir Hamre Mediå
Møtesekretær:	Dagleg leiar/kyrkjeveerje	Dagleg leiar/kyrkjeveerje
	Wilma van Manen	Wilma van Manen
<u>Varamedlemer:</u>	Finn Johan Gjerde	Lars Johan Tveit
	Kristin Berg Hansen	Andreas Hjeltnes
	Andreas Hjeltnes	Kristin Nesheim
	Gøril Rondestveit	Ivar Lindvink
Ulvik herad sin vararepr.	Hildegunn Røkenes	Torunn Pedersen Polden
<u>Nemnder/utval 2023: 2019-2023</u>		<u>2023-2027</u>
<u>Arbeidsutval:</u>	Leiar Knut Nes	Leiar Unni Solem
	Nestleiar Venke Langballe	Nestleiar Finn Johan Gjerde
	Vikarprest Bengt	Sokneprest Anne Marthe
	Arvidsson/Anne Marthe Ulvik	Ulvik
	dagleg leiar/kyrkjeveerje	dagleg leiar/kyrkjeveerje
	Wilma van Manen	Wilma van Manen
<u>Bygningsutval:</u>	Knut Nes	Finn Johan Gjerde
	Jon Olav Heggseth	Lars Johan Tveit
<u>Diakoniutval:</u>	Kjersti Bergo	Liv Marie Osa, Kjersti Bergo
	Stein Arnold Hevrøy	Anne Marthe
<u>Naudhjelpsutval:</u>	Astrid J. Børsheim	Astrid J. Børsheim
	Stein Arnold Hevrøy	Guri Kristina B. Bjørnstad
<u>Katekumenatutval/</u>	Venke Langballe	Kjersti Bergo
	Jon Olav Heggseth	Liv Marie Osa, Unni Solem
	Astrid Jordal Børsheim	Anne Marthe Ulvik
	Jorunn Bergo Aarvik	Jorunn Bergo Aarvik
<u>Tingingsnemnd:</u>	leiar Knut Nes	leiar Unni Solem
	nestleiar Venke Langballe	nestleiar Finn Johan Gjerde

Redaksjonsnemnd: Knut Nes Unni Solem
Stein Arnold Hevrøy Finn Johan Gjerde
Wilma van Manen Wilma van Manen

Kjønnsfordelinga: 2019-2023: Av 14 soknerådsmedlem er det 7 kvinner og 7 menn
2023-2027: Av 14 soknerådsmedlem er det 9 kvinner og 5 menn.

Val 2023

Det vart halde kyrkjeval den 11. september 2023 for periode 2023-|2027. Det nyvalde soknerådet/fellesråd held konstituerande møte den 26. okt. 2023, og tredje i funksjon den 1. nov. Fellelrådsansvaret vart teken over den 1. des. 2023.

Saker i Soknerådet

Det er halde 8 møte, handsama 29 soknerådssaker og 33 fellelrådssaker.

Politisk samarbeid med kommune: Valåret og overgang frå gammalt til nytt heradsstyre førte til dårleg møtekapasitet hjå Ulvik herad, slik at det ikkje vart møte med ordførar eller formannskap i 2023.

Helse, miljø og tryggleik – HMT

Avtale om samordning av HMS-arbeid mellom Bjørgvin Bispedømmeråd og Ulvik kyrkjelege fellelråd, signert 23.05.2022. Bispedømmerådet og fellelrådet har kvar for seg og saman ansvar for arbeidsmiljøet på den lokale arbeidsplassen i samsvar med arbeidsmiljølova § 2-2.

Hovudpunkta er at kvar arbeidsgivar skal:

- Sørge for at eiga verksemd er innretta og eigne arbeidet til arbeidstakarar er ordna og blir utført på ein slik måte at også andre enn eigne arbeidstakarar er sikra eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø
- Samarbeide med andre arbeidsgivarar for å sikra eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Hovudbedrifta skal ha ansvar for samordning av helse- miljø- og tryggingarbeid for dei enkelte verksemda.

Partane er samde om at fellelrådet i denne samanhengen er å vurdere som hovudbedrift.

Kurs og seminar, kompetanseutvikling, fagmøte

02.02.2023	Valkurs Voss
08+09.03.2023	Leiarkonferanse Bergen
16.03.2023	Webinar Ansorg
20.03.2023	Webinar gravplassundersøkelsen
17-19.04.2023	Kurs administrasjon gravplassar Drammen
08.05.2023	Webinar gravplasspraten
11-13.05.2023	Fagdagar kyrkjetenare og gravplassarb. Trømso
12.06.2023	Webinar KLP reguleringspremie
10.08.2023	Kurs opplæring valfunksjonærar
19.09.2023	Kurs Medarbeideren Voss
13.10.2023	Webinar brukarforum folkereg.
01.11.2023	Introduksjonskurs sokneråd Voss
09.11.2023	Webinar Knif straumavtale
14.11.2023	Webinar pensjonsøkonomi
11.12.2023	Fagdag kyrkjerekneskap Bergen

Kyrkjeverjemøte:

20.04.2023 kyrkjeverjemøte Norheimsund
15.06.2023 kyrkjeverjemøte Voss
14.09.2023 kyrkjeverjemøte Voss
26.10.2023 kyrkjeverjemøte Norheimsund
27.11.2023 kyrkjeverjemøte Utne

Utført arbeid/saker under arbeid

2022/2023: Installering og montering av nye benkevarmare i Ulvik kyrkje.

Jobben med fjerning av den gamle og montering av dei nye benkevarmare vart utført i september 2022 av Vangen Elektriske AS. Arbeidet vart avslutta oktober 2023.

Ulvik herad løyvda kr 648.000,- i totaltilskot for installering og montering av nye benkevarmare. Ulvik sokn brukte i 2022 kr 212.146,- av ubunde investeringsfond, og kr 55.301,- i 2023 for å finansiere restbeløpet.

2. Administrasjon

Tilsette i 2023:

Vikarprest for Ulvik og Granvin:	Bengt Staffan Arvidsson tilsett i Dnk (jan-sep. 2023)	50% stilling
Sokneprest for Ulvik og Granvin:	Anne Marthe Ulvik, tilsett i Dnk (i frå sep. 2023)	50% stilling
Dagleg leiar/Kyrkjevevje:	Wilma van Manen	80% stilling
Kyrkjetenar:	Jon R. Mandelid	timebasert
	Wilma van Manen	7% stilling
Organist:	Edyta Bryk	25% stilling
	(Kjøp av organisttenester hjå Voss kyrkjelege fellestråd)	
Forsamlingspedagog	Jorunn Bergo Aarvik	20% stilling
	Tilsett ved Bjørgvin	
Trusopplærar:	Jorunn Bergo Aarvik	10% stilling
	Trusopplæringsmidlar	
Frivilligkoordinator	Linda Van Moere Præstiin	5% stilling
	Trusopplæringsmidlar	

Likestilling: Ulvik sokn er ein arbeidsplass med flest kvinnelege tilsette, tal fast tilsette, inkludert kjøpte organisttenester og prestenester per november 2023 er 6. Av desse er 5 kvinner og 1 menn (83% og 17%). Alle stillingar er deltidsstillingar.

Sjuefråvær: Ulvik sokn har som mål å halda sjuefråværet på eit lågast mogleg nivå.

Prestestillinga

For å dekke opp prestestillinga etter bortgang av sokneprest Magnar Haaland, vart Bengt Staffan Arvidsson tildelt som vikarprest for Ulvik og Granvin. I tillegg vart Jorunn Bergo Aarvik tilsett som forsamlingspedagog (20% stilling) for å leia konfirmantgruppa, og for å koordinera samarbeid kyrkje-skule. Den Norske Kyrkja ved Bjørgvin Bispedømeråd refunderer lønsutgifter for forsamlingspedagogen. I 2022 vart det utlyst 2 gonger for ny sokneprest, men ingen søkte stillinga. Prestestillinga vart utlyst på nytt i 2023, som førte til at det vart tilsett ny sokneprest for Ulvik og Granvin. Den nye soknepresten, Anne Marthe Ulvik starta arbeidet sitt i Ulvik og Granvin i september 2023.

Klokkarstillinga

I år har det vore 4 frivillige tekstlesarar. Me takkar dei for denne gode frivillige innsatsen. Likevel er det ynskjeleg med fleire tekstlesarar, slik at det ikkje blir for mykje av ei byrde for den enkelte.

Organiststillinga

Organist Edyta Bryk er tilsett i 50% stilling hjå Voss kyrkjelege Fellestråd. Ulvik sokn har inngått ei avtale om samarbeid med Voss kyrkjelege fellestråd, og kjøper 25% organiststilling.

Rekneskap og revisjon Hardanger Økonomiservice AS har ført rekneskapen for Ulvik sokn i mange år, men etter at Hardanger Økonomiservice slo seg saman med Tveit Rekneskap AS, var det ikkje det

same gode samarbeidet lenger. Ulvik sokn har inngått ny samarbeidsavtale med Voss Rekneskap AS i frå 01.09.2023, for å sikra stabilitet og kontinuitet i rekneskapen. Vestlandsrevisjon IKS (tidlegare Indre Hordaland Revisjonsdistrikt) utfører revisjonen.

Reinhald i kyrkja og kyrkjelydssenteret vert kjøpt frå Thoma Facility Norge AS.

Stell og vedlikehald av kyrkjegardane vert kjøpt frå Ulvik herad, driftsavdeling.

Graving på kyrkjegarden vert kjøpt frå A. Osa Maskin og Anlegg.

Stell av legatgraver vert kjøpt frå Knut Nes Hagetenester.

Vurdering om storleiken på administrasjon er riktig tilpassa dei aktuelle arbeidsoppgåver

Ulvik sokn har 6 små stillingar (5% frivilligkoordinator, 10% forsamlingspedagog, 17% kyrkjetenar (delt stilling i 10% og 7%), 25% organist, 50% sokneprest, og 80% kyrkjevevje). Ingen har full stilling.

Lønskostnader for kyrkjevevje, organist og kyrkjetenar vert dekkja av rammetilskot Ulvik herad, mens lønskostnader frivilligkoordinator og forsamlingspedagog vert dekkja av midlar til trusopplæringsarbeidet og lønskostnader soknepresten vert dekkja av Bjørgvin bispedømmet.

Det meste av kontakten mellom kollegaene er via SMS og e-post. For å skapa ei betre lagånd er intensjonen for 2024 å kalle inn til månadleg stabsmøte.

Både mengda og mangfaldet av arbeidet som administrasjonen må utføra er i overkanten. I tillegg til det daglege arbeid må det haldast tritt med alle endringar i reglane og lovene innan Den norske kyrkje, økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkje, gravplassloven, trossamfunnsloven o.s.v.

Ulvik sokneråd er tildelt gravplassmyndigheit. Melding av dødsfall må følgjast opp, 365 dagar i året. Samarbeidet i ferietid med Voss kyrkjelege fellesråd hjelpar til, men dekkjer ikkje alt. Kyrkjevevja er pålagt å lese e-postane kvar dag, året rundt, i ferie og under sjukdom, og må setja i verk tiltak om nødvendig. Kyrkjevevja får ekstra arbeidsoppgåver som vikar kyrkjetenar, viss kyrkjetenar er sjukmeld eller på ferie. Å vere ein så liten stab, er ein sårbar situasjon.

3. Statistikk

<u>Frå kyrkjeleg årsstatistikk:</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>
Døypte	6	4	12
Konfirmerte	8	6	9
Vigslar	0	3	1
Avlidne	15	19	10
Gudstenester	20	30	28
Andakter	7	8	7

Konfirmantar

Tal konfirmantar i 2023: 9

Konfirmantopplæring i Ulvik saman med konfirmantar frå Granvin.

Konfirmantleier Samnanger 24.03-26.03.2023.

Fasteaksjon 2023: den 27. mars 2023 vart det bøsseaksjon. Bøssebærare gjekk frå dør til dør. Ved Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp kom det inn kr 6.089,- (kr 12.056,- i 2022) i bøsseaksjon.

Konfirmantfest 28. april 2023 i kantina Brakanes skule.

Konfirmasjonsgudsteneste 7. mai 2023.



07.05.2023 konfirmasjonsgudsteneste

Tal nye konfirmantar i 2024: 7

Presentasjonsgudsteneste 17.09.2023.

Konfirmantopplæring i Ulvik saman med konfirmantar frå Granvin.

ARBEID GJENNOM ÅRET

Tilskipingar:

- Søndag 26. mars: Utdeling Godt Nytt T10, til alle som fylte/fyller 10 år i 2023, søndagsskole og kyrkjekaffi
- Søndag 12. mars: Folkemusikkmesse med Rannveig Djønnne
- Søndag 19. mars: Barna's Påskefest, søndagsskole, årsmøte m/kyrkjekaffi, årsmeldinga vart lesen opp.
- Søndag 7. mai: Konfirmasjon
- Onsdag 17. mai: Festgudsteneste med flaggborg
- Måndag 29. mai: 2. Pinsedag: Osa Grendelaghus med dåp
- Søndag 13. aug.: Gudsteneste og førehandsrøysting
- Søndag 10. sept.: Historisk vandring frå Granvin til Ulvik + gudsteneste og kyrkjesuppe
- Søndag 17. sept.: Konfirmantpresentasjon, kyrkjekaffi og innsettelse sokneprest Anne Marthe Ulvik
- Søndag 24. sept.: Hausttakkefest, T4, kyrkjekaffi, og søndagsskole. Utdeling av bok til alle som fylte 4 år i 2023.

- Søndag 22. okt.: Gudsteneste, markering 100 år rosemåling Ulvik kyrkje, kyrkjekaffi
- Søndag 5. nov.: Helgemessesundag (Allehelgensdag)
- Fredag 3. des.: Song og Ljosmesse, med Ulvik skulemusikk



Samarbeid med andre sokne:

Historisk vandring frå Granvin til Ulvik isa med Granvin sokne.



Konsertar i Ulvik kyrkje:

Ingen konsertar i 2023

Open kyrkje:

Open kyrkje sommar 2023, 8. mai – 17. sep., i samarbeid med turistkontoret.
Omvising med guide den 19. mai 2023.



Barne- og ungdomsarbeid

- | | |
|------------|---|
| 25.02.2023 | T10 samling kyrkjekontor |
| 26.02.2023 | T10 Utdeling Godt Nytt |
| 09.03.2023 | Påskevandring 2. klassingar |
| 27.03.2023 | Fasteaksjon kyrkjekontor |
| 23.05.2023 | Pinseskulegudsteneste |
| 23.09.2023 | Krølletreff |
| 23.09.2023 | T4 treff |
| 24.09.2023 | T4 Utdeling av 4 årsbok |
| 24.11.2023 | T11 Lys Våken |
| 02.12.2023 | Jolemesse idrettshallen med gratis tilbod for born og lagning av eit vakkert glasmåleri av resirkulerte glasbiter til ein oppstandelses sommarfugl. |
| 07.12.2023 | Jolevandring 1. klassingar |
| 13.12.2023 | Skulejulegudsteneste |



Jolemessa i fleirbrukshallen med gratis tilbod for born og tilbod for alle til å lime sin glasbit på eit glasmåleri, som blei til ein vakker sommarfugl. Sommarfuglen er eit gammalt kristent symbol på oppstandelse og påske. Sommarfuglen går frå å vera larve, til å bli ei puppe før ho endar opp som ein sommarfugl. Samtidig er sommarfuglen eit symbol som passar godt til forteljinga om Jesus, om hans liv, død og oppstandelse.

Søndagsskole

Totalt ble det helde 7 gonger søndagsskole i 2023.



2. Pinsedag 2022, Friluftsgudsteneste i Osa

Samarbeid kyrkje/skule:

- Samarbeid med skule og kyrkje, kontakt på tvers
- Til pinse og jol har det vore skulegudsteneste. Joleskulegudsteneste den 13. des. med St. Lucia lysprosesjon og song- og musikkinnslag frå elevar.
- Påskevandring den 9. mars for 2. klasse. Jolevandring den 7. desember for 1. klasse, som er ein fast tradisjon. Dette er ei vandring gjennom joleevangeliet, som borna og vaksne opplever saman i rollespel med fine kostymer og utstyr. Totalt deltok 15 personar inkl. stab.



Joleskulegudsteneste 2022



Jolevandringa 2022



Diakoni

I 2023 har det vore 7 andakter, 6 med vikarprest Bengt Staffan Arvidsson, og 1 med sokneprest Anne Marthe Ulvik. Diakoniutvalet sende ut blomhelsingar til jol, til dei som har mista nokon i året.

Misjonsavtale

Ulvik kyrkjelyd held fram misjonsavtalen med HimalPartner.

HimalPartner (tidl. Tibetmisjonen) er ein yrkesmisjon med ei heilskapleg tenking om både menneske og misjonsarbeidet.

Dugnad

02.05.2023 Dugnad på Brakanes gravplass
vår 2023 Måling utside sakristiet



Økonomi:

Kommunen er pålagt å løyva midlar til dei oppgåvene fellestrådet har fått ansvar for, jf. trossamfunnsloven 1 § 14 andre ledd: «kommunen gir tilskot til kyrkjeverksemda lokalt, under dette tilskot til bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygg. Tilskotet skal sikra at kyrkjebygga blir haldne i forsvarleg stand, slik at dei kan nyttast til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Tilskotet skal òg sikra at soknet har tilfredsstillande bemanning ved gudstenester og kyrkjelege handlingar, under dette kyrkjetenar, klokkar og organist/kantor ved kvar kyrkje, og tilstrekkeleg administrativ hjelp. Tilskotet blir gitt etter budsjettforslag frå soknet. I budsjettforslaget skal òg tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk inngå.»

Økonomisk rammetilskott 2023.

Soknerådet hadde budsjettmøte og det vart søkt om ei økonomisk rammetilskott på **kr 1.845.850,-**. Det var møte mellom Ulvik sokneråd og Ulvik herad om økonomiplan og budsjett hausten 2022. Søknad om økonomisk rammetilskott vart ikkje innvilga. Ulvik herad sitt budsjettframlegg var på **kr. 1.780.000,-** som var **kr 65.850,-** minder enn spurt om, og som berre var basert på prisjustering.

Ved sida av trussamfunnslova, er det bestemt i gravplasslova § 3 at også utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplassar skal greiast ut av kommunen. Gravplassmyndigheita har ansvaret for at gravplassar og bygningar på gravplassar forvaltast med orden og verdigheit og i samsvar med gjeldande reglar.

Både trossamfunnslova og gravplasslova har opna for at kommunen etter avtale med soknet kan yte tenester framfor å yte tilskot.

Tilskot til trusopplæring. *Alle sokn i Den norske kyrkja har frå 2014 mottatt midlar til trusopplæring. Fordelinga av midlar byggjer på talet på døypte frå 0 til 18 år i soknet. Bispedømmeråda tildeler fellestrådet midlar på grunnlag av nasjonalt fastsette mål. Tilskot trusopplæringsmidlar 2023 kr 113.666,- (kr 87.980,- i 2022).*

Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk

Kyrkjemøtet gir tilskot til undervisning og diakoni i kyrkja lokalt. Midlane blir formidla gjennom bispedømmeråda. Det er bispedømmerådet som avgjer kven som får tilskot. Ulvik sokn får ingen tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk.

Momskompensasjon

Kyrkjelege fellestråd og sokneråd er omfatta av ordninga med momskompensasjon etter reglar som gjeld for kommunar. Etter denne ordninga får rådet refundert meirverdiavgift for kjøp av varer og tenester som skjer til bruk i verksemda. Det er ein føresetnad for å kunne krevje refusjon at samla sum meirverdiavgift overstig kr 20.000,- i eit kalenderår for den einskilde verksemda. For 2023 utgjer momskompensasjon drift og investering kr 170.811,-.

Innsamla midlar

Soknerådet avgjer om det skal takast opp offer i kyrkja, og rådet forvaltar dei midlane som blir samla inn, løyvde eller gitt som gåve til kyrkjeleg verksemd i soknet.

Offer/innsamlingar til verksemd utanfor soknet blir som regel sendt til landsdekkjande kristelege organisasjonar, og til diakonale og humanitære føremål.

Takkoffer i kyrkja:

	2022	2023
Til andre er det kome inn	kr 31.539,-	kr 58.971,-
Til eige arbeid er det kome inn	kr 14.714,-	kr 12.910,-

Offer til verksemd innanfor soknet kan nyttast til å dekkje utgifter knytte til verksemd soknerådet har ansvar for både innhaldsmessig og økonomisk.

Kontant pengeoffer avskaffa: vedtak 30/23

Bankterminalen, Nokas ordninga og bankinnskot i butikken har blitt fjerna i Ulvik i løpet av 2023. Den einaste moglegheita til å sette inn kontantar er i banken på Voss. Ulvik sokneråd har difor avskaffa moglegheita til å gi kontantar ved ofring. Det er berre mogleg å betala med VIPPS.

Når utgiftene blir større enn inntektene

Styring av økonomien innanfor fastsette rammer er ein viktig del av oppgåvene til fellesrådet og soknerådet, særleg i periodar med trong økonomi og risiko for nedskjering. Same kva grunnen er til at utgiftene blir større enn inntektene, har fellesråd og sokneråd ansvar for at verksemda ikkje går med underskot.

Korleis kan inntektene aukast?

Politisk samarbeid med kommunepolitikar og kommuneadministrasjon kan vere avgjerande for dei økonomiske rammevilkåra kyrkja får. Soknerådet bør i tillegg ha fokus på innsamle midlar.

Korleis kan utgiftene reduserast?

Kostnadene til løn utgjer ein stor del av driftsutgiftene til fellesråda. For å betre økonomien er oppseiing av tilsette siste utvegen.

Det er vedlikehaldskostnadane ein først grip tak i for å redusere utgiftene. Dette kan føre til at kyrkjebygg, har eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald.




I Ulvik sokn har økonomistyringa vore stram i mange år på rad. Dei siste årene vart det gjennomført ein del reduseringar og innsparingar. Organiststillinga har gått ned frå 50% til 25%, kyrkjetenarstilling har gått ned frå 25% til 17%. Reingjeringsfrekvensen kyrkje og kyrkjekontor har gått ned med 50%. Vedlikehaldskontrakten gravplassar blei endra, og i staden for fast avtalt pris blir tenestene kjøpte i samsvar med brukte timar, som gir ein innsparing på ca. 50%. Kontraktar knytt til brann- og innbrotssikring er òg overført til andre leverandørar, noko som er ein fordel i tilgjengelegheit (lokalt) og i tillegg eit gunstigare prisnivå.

Våren 2023 kom det varsel om stor auking i pensjons- og reguleringspremien, som vart langt høgare enn kva styresmaktene anslo i 2022. Ulvik sokn søkte Ulvik herad om tilleggsløyving for dekking av pensjons- og reguleringspremien på kr 146.365,-. Soknet fekk avslag, som førte til at rekenskapsår 2023 går i underskot.

Rekneskap 2023 syner **kr 80.667,-** meirforbruk og **kr 15.537,-** meirforbruk Trusopplæring.

Utviklingstrekk over tid: 5 år

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Disposisjonsfond	441 309	313 477	399 867	312 613	358 596	277 929
Lønnsutgifter utan pensjons-og reg. premie	978 352	624 242	801 489	834 682	868 887	
Rammetilskot Ulvik Herad	1 778 358	1 728 359	1 675 009	1 765 000	1 780 000	1 973 000



Soknerådet har pr 31.12.23 bunde og ubundne fond :**kr 358.596,-** Disposisjonsfond midlar frå tidlegare års mindreforbruk (kto 25650000)**kr 208.595,-** Ubunde investeringsfond (kto 25300000)**kr 354.689,-** Fond til trusopplæring, som er øyremerkte til trusopplæringsarbeidet (kto 25100002)

- Avsetting **kr 71.049,-** til **disposisjonsfond** midlar frå tidlegare års mindreforbruk og bruk av **kr 25.066,-** av disposisjonsfond til finansiering folkemusikkmesse (kto 19400/25650000).
- **Ubundne investeringsfondet** kan berre brukas for investeringar over kr 100.000,-. I 2023 bruk av **kr 55.301,-** av ubunde investeringsfond for finansiering benkevarmarar, som var siste betaling av totalinvestering på **kr 915.447,-**.
- Bruk av **fondsmidlar kr 15.537,-** bundne fond Trusopplæringa (kto 15500/25100002).

Hovedoversikt Balanse

2022			
Omløpsmidlar	1.639.341,-	Kortsiktig gjeld	622.558,-
<i>kortsiktige fordringar 556.900,-</i>		Bokført eigenkapital	<u>4.508.567,-</u>
Anleggsmidlar	<u>3.491.783,-</u>	fond 946.734,-	
Eiendeler	<u>5.131.124,-</u>	Sum gjeld og eigenkap.	<u>5.131.125,-</u>

2023			
Omløpsmidlar	1.411.074,-	Kortsiktig gjeld	570.861,-
<i>kortsiktige fordringar 267.097,-</i>		Bokført eigenkapital	<u>4.257.091,-</u>
Anleggsmidlar	<u>3.416.878,-</u>	fond 921.880,-	
Eiendeler	<u>4.827.952,-</u>	Sum gjeld og eigenkap.	<u>4.827.952,-</u>

Diverse investeringar/vedlikehald**Nye benkevarmarar i Ulvik kyrkje. Investering 2022/2023:**Vangen Elektriske A/S, tømrrarbeid, konsulentarbeid **kr 915.447,-****Finansiering 2022**

Løyving investeringsmidlar frå Ulvik herad kr 648.000,-

Bruk av Ulvik kyrkje sitt ubundne investeringsfond 2022 kr 212.146,-**Total finansiering 2022****kr 860.146,-**

Vangen Elektriske A/S, Endeleg faktura

Arbeid utført i 2022 og avslutta i 2023

Bruk av Ulvik kyrkje sitt ubundne investeringsfond 2023 kr 55.301,-**Total finansiering 2023****kr 55.301,-****Total finansiering 2022 +2023****kr 915.447,-**

Bilete av rekneskapen for 2023:

Samla inntekter:

Salsinntekter:	2022	2023
Betaling deltakare	kr 19 000,-	kr 2.737,-
Festeavgifter	kr 65 800,-	kr 84.250,-
Sal av varer og teneste	kr 72.867,-	kr 63.969,-
Gåver	kr 630,-	kr 399,-
	kr 158.297,-	kr 151.355,-
Overføringer med krav om motytel.		
Refusjon løn menighetspedagog	kr 43.624,-	kr 179.277,-
Refusjon sjukeløn	kr 31 185,-	kr 3.181,-
Refusjon frå fellesråd	kr 40 552,-	kr 43.210,-
Refusjon frå andre	kr 0,-	kr 19.476,-
Refusjon moms drift	kr 160.502,-	kr 156.986,-
	kr 275.863,-	kr 402.130,-
Overføringer utan krav om motytel.		
Tilskott frå staten	kr 117.980,-	kr 113.666,-
Tilskott frå kommunen	kr 1.765.000,-	kr 1.780.000,-
Offer innsamla til eigen verksemd	kr 14.714,-	kr 12.910,-
Offer innsamla til andre	kr 31.539,-	kr 46.062,-
Tilskott – gåver frå andre	kr 17.994,-	kr 7.643,-
	kr 1.947.227,-	kr 1.960.281,-
Finansinntekter		
Renteinntekter	kr 6.973,-	kr 30.435,-
Utbytte	kr 3.183,-	kr 4.013,-
	kr 10.156,-	kr 34.448,-
Finanseringstransaksjonar		
Bruk av tidl. Års regensk minderfor.	kr 0,-	kr 71.050,-
Bruk av ubundne fond	kr 87.254,-	kr 25.066,-
Bruk av bundne fond	kr 0,-	kr 15.537,-
Rekneskapsmessig underskott	kr 48.189,-	kr 182.081,-
Motpost avskrivningar	kr 134.399,-	kr 137.164,-
	kr 269.842,-	kr 430.898,-
Sum inntekter	kr 2.661.385,-	kr 2.979.112,-

Samla utgifter:

Lønn	2022	2023
Løn kyrkjeverje/dagleg leiar	kr 431.386,-	kr 449.573,-
Løn kyrkjetenar	kr 102.750,-	kr 71.770,-
Løn menighetspedagog	kr 29.845,-	kr 122.480,-
Anna løn	kr 0,-	kr 10.000,-
Løn vikarar	kr 0,-	kr 0,-
Løn trusoppl. + frivilligkoord.	kr 28.792,-	kr 62.481,-
Feriepengar	kr 72.064,-	kr 95.852,-
Annen løn og tr.pl. Godtgj.	kr 0,-	kr 2.575,-
Periodisert løn	kr 12.522,-	kr -/- 12.522,-
Trekkpliktige godtgjersle/motkonto	kr 2.250,-	kr 2.000,-
Km godtgjersle trekkplik.	kr 411,-	kr 5.139,-
Formannsgodtgjersle	kr 15.000,-	kr 12.500,-
Møtegodtgjersle medl.	kr 29.325,-	kr 67.165,-
Bilgodtgjersle oppg. Pl.	kr 2.716,-	kr 21.445,-
Dietgodtgjersla	kr 0,-	kr 435,-
Sum lønn	kr 727.061,-	kr 910.893,-
Sosiale utgifter		
Pensjonstrekk KLP	kr 133.564,-	kr 272.835,-
Arbeidsgjevaravgift	kr 80.059,-	kr 116.106,-
Arbeidsgjevaravgift ferie	kr 6.990,-	kr 10.160,-
Sum sosiale utgifter	kr 220.614,-	kr 399.101,-
Kjøp av varer og teneste		
Konto 11000-11599	kr 142.753,-	kr 174.538,-
Konto 11700-12999	kr 765.327,-	kr 733.174,-
Sum kjøp av varer og teneste	kr 908.081,-	kr 907.712,-
Overføringer		
Kjøp av organisttenester	kr 228.482,-	kr 241.693,-
Moms	kr 160.502,-	kr 156.986,-
Overføring av ofringar	kr 31.539,-	kr 46.062,-
Tilskott gåver	kr 3.400,-	kr 0,-
Sum overføringar	kr 423.923,-	kr 444.741,-
Finansutgifter		
Renteutgifter	kr 54,-	kr 79,-
Dekning av tidl. Års neg.	Kr 87.254,-	kr 0,-
Avsetningar til disposisjonsfond	kr 0,-	kr 71.050,-
Avsetningar til trusoppl. fond	kr 34.362,-	kr 0,-
Overføring til invest.	Kr 6.398,-	kr 6.958,-
Rekneskapsmessig overskott	kr 119.238,-	kr 101.414,-
Avskrivingar	kr 134.399,-	kr 137.164,-
Sum finansutgifter	kr 381.706,-	kr 316.665,-
Sum utgifter	kr 2.661.385,-	kr 2.979.112,-

Oversikt funksjon

Funksjon 41 Administrasjon

Løn, arbeidsavgift

Meirforbruk kr 151.496,-

meirforbruk

10101/09/10600/01/05 10990/91 11964

kr 45.739,-

Pensjons- og reguleringspremie

meirforbruk 10900

kr 86.287,-

Honorar rekneskapsføring

meirforbruk kto 112700/12701

kr 14.058,-

Funksjon 42 Kyrkja.

Meirforbruk kr 30.585,-

Bruk av disposisjonsfondet

kr 25.066,-

Total lønskostnader kyrkje

meirforbruk Kto 13401

kr 11.693,-

Pensjons- og reguleringspremie

meirforbruk Kto 10900

kr 65.998,-

Straum

mindreforbruk kto 11800

kr 10.489,-

Vedlikehald kyrkje, anlegg, inventar/utstyr mindreforbruk kto 12300/12400/01

kr 25.522,-

Funksjon 43 Kyrkjegard.

Mindreforbruk kr 95.332,-

Vedlikehald kyrkjegard

mindreforbruk kto 12301

kr 127.756,-

Leigd graving

mindreforbruk kto 12402

kr 25.600,-

Kommunale avgifter og avfall

meirforbruk kto 11950

kr 17.490,-

Festeavgifter

Minder inntekt kto 16300

kr 40.750,-

Funksjon 44 Anna kyrkjeleg verksemd

Mindreforbruk kr 6.082,-

Funksjon 441 Trusopplæring

Bruk av bundne fond (kto 15500)

kr 15.537,-

Auking lønskostnader

Lønskostnader steig i 2023 med 5,4%, mens det vart budsjettert med 3%.

Auking pensjons- og reguleringspremie

Stor prisvekst, betydeleg lønnsoppgjør og historisk høgt trygdeoppgjer, gjorde at pensjons- og reguleringspremien i 2023 vart høgare enn på lenge, og vart langt høgare enn kva styresmaktene anslo i 2022. Reguleringspremien for 2023 er på 7,1%, mens det vart rekna med 3,4%, som gav dobbelt så høg faktura. I tillegg var avsetning til pensjonar høgare grunnen høgare lønsauking enn rekna med i budsjettet.

Honorar rekneskapsføring

Vestlandsrevisjon IKS, (tidlegare Indre Hordaland Revisjonsdistrikt) utfører revisjonen for Ulvik sokn. Rekneskaps gjennomgangen var omfattande på grunn av ny saksbehandlar hjå Vestlandsrevisjon, og det tok mykje tid og krefter å gi all den etterspurde informasjonen, noko som resulterte i høgare kostnader for rekneskapsføring enn det var budsjettert for.

Vedlikehald kyrkje, anlegg, inventar/utstyr

Orgelvedlikehald vart utsett til 2024, leverandøren mangla kapasitet i 2023.

Vedlikehald kyrkjegard

Vedlikehald kyrkjegard 2023 kom på **kr 122.244,-** mens budsjettet var på kr 250.000.

Det var rekna med ein del ekstra utgifter for ny grus på stiane og fjerning av gravstein, men det vart lågare kostnad enn forventa.

Leigd graving

Det har i år vore 5 gravferder og 7 urnenedsetjingar, mot 13 gravferder og 8 urnenedsetjingar i 2022.

Festeavgifter

Litt fleire enn forventna med takka nei til festeforlenginga.

Bruk av ubundne fond folkemusikk gudsteneste

Folkemusikkmesse i Ulvik kyrkje, den 12. mars 2023.

Bruk av **kr 25.066,-** av disposisjonsfond til finansiering folkemusikkmesse (kto 19400/25650000).

Vedtak 33/22 Folkemusikk gudsteneste 13.03.2023 skulle (del)finansierast med eksterne midlar.

(S 45/22). Midlar vart søkt hjå Sparebanken Vest og Hardanger Energi. Det kom avslag.

Finansiering folkemusikk gudsteneste d.d. 13.03.2023 kr 25.066,10 vert dekkja av avsette udisponerte netto driftsresultater på disposisjonsfond kto 25650000.

Trusopplæringsmidlar

I 2013 fekk alle sokn i Hardanger og Voss prosti Trusopplæringsmidlar. Dette er statlege midlar som vert utdelt etter tal born i aldersgruppa 0 – 18 år. Statlege trusopplæringsmidlar for 2023 for Ulvik utgjorde **kr. 113.666,-**.

Trusopplæringsmidlar fond **kr 354.689,-** (brukt av bundne fond i 2023 kr 15.537,-). Midlane skal ein fyrst og fremst bruke til å tilsetja trusopplærar, dvs lønsmidlar.

I 2023 har me hatt trusopplærar i 10% stilling og frivilligkoordinator i 5% stilling.

Soknerådet har desse fonda knytta til kyrkjelydsarbeidet: saldo 31.12.2023

Fond til trusopplæring kto 25650000 kr 354.689,-

Diakoniarbeid har Ulvik sokn ikkje økonomiske rammer å driva med. Det er mange sjuke og einsame i bygda som kunne ha stor trong for besøk av ein diakon. Kyrkjelyden har heller ikkje organisert frivillig besøksteneste.

Konklusjon

Den store auking i pensjons- og reguleringspremien i 2023 kunne ikkje dekkjast inn i budsjettet.

Ulvik sokn søkte Ulvik herad om tilleggsøyving for dekking av pensjons- og reguleringspremien på kr 146.365,-. Søknaden fekk avslag, som førte til at rekenskapsår 2023 går i underskot. Minderforbruk på vedlikehald gravplassar, kompenserte for ein del av meirforbruk pensjons- og reguleringspremien, Total meirforbruk 2023 kom på kr 80.667,-. Tildelt prisjustert rammebudsjett frå Ulvik herad er for stramt, me må ha større marginar.

Søknader om støtte: I 2023 vart det søkt om støtte hjå Ulvik herad:

- kr 146.365,- søknad om tilleggsøyving for dekking av pensjons- og reguleringspremie 2023. Søknaden ble avslått.
- Folkemusikkmesse: Søknad om finansiering til Sparebanken og Hardanger Energi. Søknader ble avslått.

4. Framtidsutsiktene

Budsjett for 2024

Søknad om økonomisk rammetilskot 2024 hjå Ulvik herad, kr 2.104.593, vart ikkje innvilga. Ulvik herad sitt budsjettframlegg var kr 1.873.000 i rammetilskottet for 2024, som er basert på kun prisjustering, som ikkje tar omsyn til den kraftig auka pensjons- og reguleringspremien, som forventar å gjelda i 2024, likesom i 2023.

Den gamle soknerådsleiar Knut Nes sendte inn klage, men fyrst etter at den nye soknerådsleiaren, Unni Solem, sendte brev til politikare i desember 2023, resulterte dette i kr 100.000,- ekstra rammetilskott.

Rammetilskott 2024 for Ulvik sokn er kr 1.973.000,-. Forventa innsparing på vedlikehald gravplassar på kr 120.000,- gjer at Ulvik sokn har eit gjennomførbart budsjett i 2024, med litt meir margin enn dei siste åra.

Planar for 2024-2027

1.	2024	Branntekniske teikningar
2.	2024	Tynning av bjørketre på Brakanes gravplass
3.	2025	Reparasjon av slitasje måling kyrkje utvendig, eller vurdering ny måling heile kyrkje
4.	2025	Nye gardiner i kyrkja
5.	2026/2027	Urneminnelund på gravplassen

Ulvik kyrkje digital

Ulvik sokn legg ut informasjon om gudstenester og aktivitetar på Facebook Ulvik sokn, websida kirken.no/ulvik, skjerikirken.no, og på Friskus.

Målet er at det er enkelt å finne tilbod, og at det er enkelt å synleggjera tilboda.

Kyrkjias Lokalt skrivebord

Overgang til bruk av Kyrkjias Lokalt skrivebord i sep. 2023.

Kyrkjias Lokalt skrivebord gir tilgang til Microsoft 365 ® applikasjonar på den enkeltes Windows 10 Pro PC, og som til kvar tid blir halde ved like og oppdatert av Kirkepartner. For einingar i Den norske kyrkja blir produktet kalla Kyrkjias Lokalt skrivebord.

Kyrkjias Lokalt skrivebord inkluderer Kirkepartner Klienthåndtering som ivaretek nødvendig tryggleik på maskina og oppdatering av lokal programvare. Brukarar med Kyrkjias Lokalt skrivebord får høve til å ta i bruk ei rekkje program som Kirkepartner tilbyr.

Kyrkjebladet Brubyggjaren for Eidfjord og Ulvik:

I 2023 har det kome ut 4 nummer.

Ansvarlege for kyrkjebladet til 01.11.2023 har vore: Steinar I. Bergo, Kari Tveit Hovland, Wilma Bergman, Kjersti Næsheim, Knut Nes, Stein Arnold Hevrøy og kyrkjevevjerene Tone Felle Nesheim og Wilma van Manen. Etter 01.11.2023 kom det ny redaksjon: Steinar I. Bergo, Unni Solem, Finn Johan Gjerde, Kari Tveit Hovland, Ann Kristin S Wathne, og kyrkjevevjerene Tone Felle Nesheim og Wilma van Manen.

Trykking vart utført av Glynt AS.

Kyrkjevevjerje Tone Felle Nesheim har ført rekneskapen for bladet, mens kyrkjevevjerje Wilma van Manen har stått for utsending til abonnentar. Me rettar stor takk til nemnda for det gode arbeidet dei har gjort med Brubyggjaren. Bladet vart sendt til alle husstandar i Ulvik og Eidfjord, samt til ein del adresserte abonnentar utanom bygdene. Økonomi 2023 viste meirforbruk på kr 11.030,-.

Me ynskjer bygdefolk velkomne både til kyrkja og tilskipingar elles.

For Ulvik sokneråd,
2. februar 2024

Unni Solem
(sign)

Fellesråds-/Soknerådsleiar

Willemina van Manen
(sign)

Dagleg leiar/kyrkjevevjerje